



# Planstrategi

Fyresdal kommune 2024-2028

Høringsutkast 25.04.2024

## Innhold

|  |   |
|--|---|
| Kommunal planstrategi .....  | 3 |
| Plansystemet i Fyresdal kommune.....   | 4 |
| Utviklingstrekk og kommunens utfordringar .....                              | 5 |
| Overordna føringar som har betydning for kommunens planbehov .....           | 5 |
| Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027 ..... | 5 |
| Statlege planretningslinjer .....  | 6 |
| Regionale planer/strategiar .....  | 6 |
| Erfaringar med gjeldande kommuneplan/planstrategi.....                       | 6 |
| Vurdering av planbehovet i valperioden .....                                 | 7 |
| Planar i Fyresdal kommune .....  | 7 |

## Kommunal planstrategi

Kommunal planstrategi er ei oversikt over planbehov i kommunestyreperioden. Kommunen skal i planstrategien ta stilling til om kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel skal reviderast heilt eller delvis, eller om gjeldande planar skal vidareførast. Kommunestyret må og ta stilling til om det er andre planar som må reviderast i valperioden.

Gjeldande kommunal planstrategi for Fyresdal kommune 2020-2024, vedtatt 17.06.2021.

Val for planstrategien skal takast på bakgrunn av dei utfordringane kommunen har som samfunn og organisasjon, og kva politikk det nye kommunestyret ønskjer å føre. Kommunestyret skal kunne basere sin politikk på langsiktige og felles mål. Vedtak må kunne grunngis ved å syne til overordna planar gjeldande i perioden.

Planstrategien er det einaste obligatoriske elementet i plan- og bygningsloven som kommunane må revidere kvart fjerde år.

### *§ 10-1. Kommunal planstrategi*

*Kommunestyret skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden.*

*Kommunen skal i arbeidet med kommunal planstrategi innhente synspunkter fra statlige og regionale organer og nabokommuner. Kommunen bør også legge opp til bred medvirkning og allmenn debatt som grunnlag for behandlingen. Forslag til vedtak i kommunestyret skal gjøres offentlig minst 30 dager før kommunestyrets behandling.*

*Ved behandlingen skal kommunestyret ta stilling til om gjeldende kommuneplan eller deler av denne skal revideres, eller om planen skal videreføres uten endringer. Kommunestyret kan herunder ta stilling til om det er behov for å igangsette arbeid med nye arealplaner i valgperioden, eller om gjeldende planer bør revideres eller oppheves.*

*Utarbeiding og behandling av kommunal planstrategi kan slås sammen med og være del av oppstart av arbeidet med kommuneplanen, jf. kapittel 11.*

## Plansystemet i Fyresdal kommune

**Kommuneplanen** er kommunens strategiske og langsiktige plan og består av ein samfunnsdel med ein handlingsdel kopla til økonomiplanen og ein arealdel. Planen gir langsiktige rammer for utvikling av kommunesamfunnet og forvaltning av arealressursane i eit 12-årsperspektiv. Planen er førande for meir detaljerte planar og budsjett. Det skal vere sterke koplingar mellom samfunns- og arealdel og mellom samfunnsdel og handlingsdel/økonomiplan.

Det kan utarbeidast kommunedelplanar for utvalte samfunnstema eller areal for ein del av kommunen.


*Samfunnsdelen* er den viktigaste overordna planen og verkty for heilskapleg planlegging for berekraftig samfunnsutvikling, politisk styring og medverknad. Langsiktige mål og strategiar.

*Arealdelen* omfattar heile kommunen, er juridisk bindande og skal sikre at arealbruken bidrar til å nå mål i samfunnsdelen. Den består av planomtale, plankart og føresegner og er styrande for reguleringsplanar og utbyggingstiltak.

*Økonomiplanen med handlingsdel for kommuneplanen* skal gi ein realistisk oversikt over sannsynlege inntekter, forventa utgifter og prioriterte oppgåver. Det skal tydeleg gå fram kva kommunen skal gjere for å nå måla i samfunnsdelen på kort og lengre sikt. Økonomiplanen skal omfatte minst 4 år og reviderast årleg.

**Temaplanar** er planar for enkelt tema eller tenestoområder og skal utdjupe og konkretisere oppfølginga av kommuneplanen eller andre særskilde behov i kommunen. Inneheld ofte ein handlingsdel som leggst til grunn for prioriteringar i økonomiplanen.

**Administrative verksemdplanar** utarbeidast innafor dei ulike verksemdområda i kommunen. Planane er arbeidsreiskap for styring av verksemda i ei bevisst retning, grunnlag for tilsyn og for intern prioritering og koordinering av arbeidsinnsatsen.



Figur:

Det kommunale plansystemet med «årshjulet» og «fireårshjulet» der kommunal planstrategi, kommuneplanen og handlingsdel med økonomiplan utgjør «ryggrada». (kjelde: Asplan Viak AS rapport: Effektivisering av kommunal planlegging.)

## Utviklingstrekk og kommunens utfordringar

Fyresdal kommune vedtok 22.06.2023 **Kommuneplanen sin samfunnsdel**. I arbeidet med utarbeiding av denne vart det jobba med oppdaterert kunnskapsgrunnlag for alle arbeidsområder i kommunen. Kommunens utviklingstrekk vart gjennomarbeid og utfordringane vart definert. Det har ikkje skjedd store endringar innafor utviklingstrekk og utfordringar sidan samfunnsdelen vart vedtatt, den leggst derfor til grunn for vurderingar i planstrategien.

Her gjengis hovudpunkta.

Planen legg opp til at demografiutvikling og fråflytting må løysast med bulyst og attraktivitet for næringslivet, slik at kommunens kvalitetar blir vidareført og folketalet veks.

Overordna satsingsområder er bulyst og næringsutvikling.

FN sine berekraftsmål

Gjennomgåande tema som går på tvers av dei enkelte teneste og utviklingsområda: drivkraft, leiarskap, beredskap, folkehelse, fortrinn, medverknad

Utgangspunkt:

- Befolkningsnedgang, auk i 2022
- Behov for nye bustader
- Næringssatsing
- Natur og attraksjon, overnattingsbehov, destinasjonsutvikling

Satsingsområder

1. Samfunnsutvikling, kultur og frivillige
2. Næring og arbeidsliv
3. oppvekst og utdanning
4. Helse og omsorg
5. Areal, Klima og miljø
6. Kommunen som organisasjon

## Overordna føringar som har betydning for kommunens planbehov

### Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027

Regjeringa forventar at fylkeskommunane og kommunane legg berekraftsmåla, dei nasjonale klima- og miljømåla og lokalt folkestyre til grunn for samfunns og arealplanlegginga, og legg til rette for trygge, berekraftige og levende lokalsamfunn i heile landet.

*Hovudtema: Samordning og samarbeid i planlegginga  
Trygge og inkluderande lokalsamfunn  
Velferd og berekraftig verdiskaping  
Klima, natur og miljø for framtida  
Samfunnstryggleik og beredskap*

## Statlege planretningslinjer

- Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen (2021)
- Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning (2018)
- Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging (2014)
- Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging (1995)
- Rikspolitiske retningslinjer for vernede vassdrag (1994)

## Regionale planer/strategiar

- Regional klimaplan for Telemark 2019-2026
- Regional plan for samordna areal og transport i Telemark 2015-2025
- Regional plan Setesdal Austhei, Ryfylkeheiane og Setesdal Vesthei

Andre regionale finn du på nettsidene til Telemark fylkeskommune her:

[Regionale planer og strategier - Telemark fylkeskommune](#)

## Erfaringar med gjeldande kommuneplan/planstrategi

Planstrategi for Fyresdal 2020-2024 vart vedtatt 17.06.2021. Vedtaket sa dette om planar som skulle reviderast:

1. *Kommuneplanen sin samfunnsdel*
2. *kommunedelplan næring, landbruk og busetjing*
3. *Kommuneplanen sin arealdel*
4. - *Folkehelse og «psykisk helse unge» bør prioriterast og kan inngå i til dømes omsorgsplan.*  
- *Plan for kultur, oppvekst og friluftsliv bør prioriterast.*
5. *Plan for energi og klima revideres etter at «Felles klimaplan Vest-Telemark» er klar.*

*Generelt:*

- *Planane skal vere korte og presise.*
- *Det er ynskje om eit overordna fokus i planarbeidet på at heile bygda skal takast i bruk.*
- *Det er ynskjeleg at oversikt over planar er lett tilgjengelege på nettsidene til kommunen.*

Punkt 1 Kommuneplanenes samfunnsdel vart vedtatt 22.06.2023. Punkt 5 Klimaplan med handlingsdel for Fyresdal kommune vart og vedtatt 22.06.2023. Oppstart punkt 3 kommuneplanen sin arealdel vart varsla saman med kommuneplanen sin samfunnsdel, men det er ikkje utført meir arbeid med arealdelen. Punkt 2 og 4 er ikkje utført.

Konklusjonen for gjeldande planstrategi er at den inneheldt rullering av fleire planar som er relativt store og omfattande, som har ført til at det ikkje har vore nok ressursar til å følgje opp alle desse i perioden. Det er fortsatt eit behov for revidering/rullering av dei planane som ikkje er gjennomført frå førre planstrategi. Kommuneplanen sin samfunnsdel 2023-2035 må nå leggest til grunn for vidare revidering og utarbeiding av kommunale planar.

## Vurdering av planbehovet i valperioden

Kommuneplanens samfunnsdel ble vedtatt 22.06.2023 og er ein godt gjennomarbeida plan som kan vidareførast i denne planstrategi perioden.

Planstrategien legg nå opp til ei omstrukturering av planhierarkiet i kommunen der ein vidare framover får kommuneplaner og delplaner, temaplaner og administrative verksemdplaner. Kommuneplaner og delplaner samt temaplanar skal politisk handsamast. Administrative planar handsamast administrativt og forankrast politisk der det er behov. Dei administrative planane vil ikkje vere ein del av planstrategien.

Ved rullering av planar i kommunen skal tilknytning til og oppfølging av samfunnsdelen gå tydelig fram.

Kommuneplanens arealdel trådde i kraft 27.11.2014. Føresegnene til planen har nokon uklarheit og manglar og det er stadig behov for dispensasjonar frå planen. Med den nylig vedtekte samfunnsdelen er det og manglar i korleis arealdelen følgjer opp samfunnsdelen. Det er framleis behov for revidering av arealdelen. Kommunen har også fått innvilga midlar til planvask.

Kommunedelplan for sentrum, vedteken 22.06.2006 bør og rullast. Denne er vedteken før ny planlov trådde i kraft i 2008. Det kan vurderast om delplanen skal innlemmast i kommuneplanens arealdel.

## Planar i Fyresdal kommune

*Raud tekst er lovpålagte planar.*

*Grønnmarkering i kommentar felt: forslag til nye plannamn som følger opp samfunnsdelen.*

*Orange markering i kommentarfelt: planar som kan utløyse midlar til tiltak.*

| Plan   | Datert/<br>vedtatt | Gjeld<br>til | Rulleres |      |      |      | ynskje<br>om ny<br>plan | kommentar   |
|--|--------------------|--------------|----------|------|------|------|-------------------------|---|
|  |                    |              | 2024     | 2025 | 2026 | 2027 |                         |   |
| Overordna planar                                 |                    |              |          |      |      |      |                         |   |
| kommuneplanen sin samfunnsdel<br>2023-2035       | 22.06.2023         | 2035         |          |      |      |      |                         |   |
| Kommuneplanen sin arealdel<br>2014-2026          | 27.11.2014         | 2026         | x        | x    |      |      |                         |   |
| Økonomiplan 2024-2027                            |                    |              | x        | x    | x    | x    |                         |   |
| Kommunedelplanar (KDP)Areal og tema              |                    |              |          |      |      |      |                         |   |
| Kommunedelplan for Fyresdal<br>sentrum 2006-2020 | 22.06.2006         | 2020         | x        | x    |      |      |                         |   |
| Klimaplan for Fyresdal kommune                   | 22.06.2023         |              |          |      |      | x    |                         | oppfølging samf.del,<br>lovpålagt som KDP,<br>rullering kvart 4. år |

| Plan  | Datert/<br>vedtatt | Gjeld<br>til | Rulleres |      |      |      | ynskje<br>om ny<br>plan | kommentar  |
|---|--------------------|--------------|----------|------|------|------|-------------------------|--|
|   |                    |              | 2024     | 2025 | 2026 | 2027 |                         |  |
| Sektorovergripende tema planer  |                    |              |          |      |      |      |                         |  |
| Heilskapleg rusmiddelpolitisk handlingsplan, inkl. Alkoholpolitisk plan (Alkoholforskriften)  | jul.05             | 2024         | x        |      |      |      |                         | Må reviderast. Alkoholforskrift reviderast i juni, forslag om å revidere heilskapleg rusmiddelpolitisk handlingsplan haust 2024/vår 2025 |
| Overordna beredskapsplan for Fyresdal kommune   | nov.23             |              | x        | x    | x    | x    |                         | Lovpålagt rullering kvart år   |
| Plan for samfunnsikkerheit og beredskap i Fyresdal kommune 2024-2027  | nov.23             | 2027         |          |      |      | x    |                         | Rullerast kvart 4.år   |
| Oppvekstplan: Veggen til livsmeistring (Vest-Telemark)  | 16.11.2023         |              |          |      |      | x    |                         | Temaplan oppfølging samf. del. Behov for lokal del   |
| Kommunedelplan for kulturbygg, idrett og friluft  | 2015-2022          |              | x        |      |      |      |                         | Temaplan Samfunnsutv., kultur og frivillige (oppfølging av Samf. del)  |
| Handlingsplan for kulturbygg, idrett og friluftsliv   | 2015-2022          |              | x        |      |      |      |                         | Utløyser midlar til tiltak Kan inngå som del av økonomiplan  |
| Kommunedelplan for næring, landbruk og busetjing 2015-2018  |                    | 2018         |          | x    |      |      | x                       | Temaplan Næring og arbeidsliv (oppfølging av samf. del)  |
| Helse og omsorgsplan, med handlingsplanar på ulike område - Demensplan/Psykisk helse og rus/Habilitering/rehabilitering/evt. Andre omr. |                    |              | x        | x    |      |      |                         | Temaplan, oppfølging samf.del  |